

Kristine Fluge
Haakon Aase
Litlebergen 29
5918 Frekhaug

Til

Meland Kommune

Merknader arealdelen i kommuneplanen

Generelt vil vi peika på at noko av det viktigaste for planlegging av arealbruken i Meland Kommune i tida framover må vera å ta vare på og utvikla areal for landbruk, LNF-område, slik at det framleis vil opplevast som tenleg og nyttig å driva landbruk i kommunen. Dette ser vi på som særskild viktig både i eit lokalt og globalt perspektiv. Med landbruksareal må vi her forstå ikkje berre fulldyrka mark av beste kvalitet, men også utmarksområde, randsonar og område som kan utgjera reservar for framtida. Det bør gå ein grøn streng frå Teigane i sør og nordover i dalføret gjennom Austebygda.

Vi driv landbruk på landbrukseigedom gnr 26, bnr 5, garden Sundet på Litlebergen. Som vi ser av planen, er vår grunn og tilhøyrande bruksnummer framleis LNF-område, og det gjev oss tru på at vi kan fortsetja å driva og også utvikla det vesle bruket vi har. Vi ser likevel at delar av LNF-område som vi i dag nyttar til beiteområde, no er planlagt til bustadformål. Dette gjeld område tilhøyrande gnr. 26/1 – eigar Knut Aase. Her har vi ein avtale om beiting, og vi har gjerda oppatt ei gamal slåtte- og beitemark der kulturlandskapet vert teke i vare. Dette området har vorte nytta til beitedyr også på gnr. 26, bnr 1 tidlegare, og det er m.a. ein bøgardsmur langs heile stykket som avgrensar innmarka mot utmarka. Denne bøgardsmuren, og utmarksvegen som fylgjer muren, er i seg sjølv eit viktig kulturminne.

Helst ville vi sett at heile det nye området B3 vart teke ut av planen, då vi opplever det som eit press inn mot gardsdrifta, og inn mot utmarksområda våre. Sekundært ber vi om at det området som i dag vert nytta til landsbruksdrift, og tilstøytande utmarksareal ovanfor (sjå ca. innteikning på vedlagde kart) vert bevart som LNF-område og vurdert som gamal kulturmark, og at den flotte bøgardsmuren vert teken vare på som eit viktig kulturminne som inngår i ein heilskap av jordbrukslandskap. Grensa mellom eit evt bustadområde i sør og LNF-området bør etter vår meining verta trekt lenger sør, om lag i rett linje vinkelrett på fylkesvegen frå bustadhus på gnr 26, bnr 16 (sjå vedlagde kartutsnitt).

Vidare vil vi påpeika at vi er sterkt i mot ei omfattande nærings- og bustadutbygging på Flatøy. Ei utviding av næringsområdet for Frank Mohn på Flatøy, inn mot Flatøyosen, med innlemming av Gudmundsholmen, vil smalna inn innseglinga i sundet og også, vil vi tru, ha store konsekvensar for gjennomstrøyming. Ei innsmalning av innseglinga er ei sterk forringing av kystlandskapet i den indre farleia.

Likeeins er vi sterkt imot ei utbygging av Midtmarka på Flatøy med tilhøyrande småbåthamner. Kommunen treng friområde også i framtida dersom vi skal vera ein attraktiv